

Vår saksbehandlar: Mathias Myhrvold-Hanssen

Vår dato:
05.12.2019
Dykkar dato:
28.11.2019

Vår referanse:
2019/12771
Dykkar referanse:

Radøy kommune

Utbetalingsbrev hausten 2019 - Vidareutdanning for lærarar - vikarordning og studieavgift

Statsbudsjettet for 2019 vart vedteke av Stortinget i desember 2018. Vedtaka går fram av Stortingets behandling av Innst. 12 S (2018 – 2019) og Prop. 1 S (2018 – 2019) for Kunnskapsdepartementet. Det blir også vist til informasjon om midlar til vidareutdanning for lærarar i 2018, til skoleeigaren (kommunar, fylkeskommunar og private og statlege skolar) 1. februar 2018.

Utbetaling av vikarmidlar og ev. studieavgifter for hausten 2019 er basert på:

- Skoleeigarens søknad om vidareutdanning for lærarar studieåret 2019/2020 i søknads- og oppfølgingssystemet.
- Direktoratets behandling av søknadene som vart offentleggjort mai 2019
- Skoleeigarens stadfestingar i søknads- og oppfølgingssystemet på at lærarane er tekne opp til studiet dei har søkt på, og takkar ja til å delta i vikarordninga.

Oversikt over lærarane som har fått tilbod om vidareutdanning, finn de på TAVLA:

<http://www.udir.no/verktoy/tavla/> og i søknads- og oppfølgingssystemet på <http://komp.udir.no/extranet> under modulen «Vidareutdanning for lærarar 2019».

- Vikarmidlane og eventuelle studieavgifter er berekna ut frå opplysningar per 28.11.2019.
- Deltakarar som har trekt seg etter studiestart har fått avkorta vikarmidlar i tråd med kva for månad dei er registrerte som trekte i søknads- og oppfølgingssystemet.

Følgjande vil om kort tid bli utbetalt til Radøy kommune til kontonummer 36360700776:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Vikarordning	204000,00	Jul-Des	—	204 000,00
Totalt:	204000,00			204 000,00

Utbetalinga er merkt "Vidareutdanning for lærarar - vikarordning og studieavgift". Merk at det er totalbeløpet under kolonnen «Beregnet tilskudd» som vil bli utbetalt.

Vilkår for utbetaling

Vi minner om at tildelinga føreset at skoleeigaren oppfyller dei sentrale vilkåra knytte til Kompetanse for kvalitet. Det vil seie at lærarane det gjeld, tek vidareutdanning slik det er oppgitt i søknads- og oppfølgingssystemet, og blir frigjorde frå ordinære arbeidsoppgåver tilsvarande 37,5 % av full stilling dersom ein skal ta 30 studiepoeng over eitt år. Dersom talet på studiepoeng avviker frå 30, skal tida læraren blir frigjord, justerast tilsvarande. Skoleeigaren skal dekkje ev. resterande vikarkostnader ut over støttebeløpet frå staten, og kostnader knytte til reise, opphald og læremiddel, mv. Det er ikkje tillate å avvike frå dei sentrale vilkåra.

Andre vilkår

Utbetaling for våren 2019 føreset at skoleeigaren stadfestar at læraren fortset studia i vårsemesteret.

Dette skal skje i søknads- og oppfølgingssystemet i perioden **1. februar til 15. mars 2020**.

Mottakaren har plikt til å melde frå med ein gong til Utdanningsdirektoratet dersom grunnlaget for midlane blir endra eller fell bort. Midlane kan da trekkjast tilbake heilt eller delvis.

Tilsegn om midlar er gitt med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for budsjettåret 2019.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Radøy kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnaden, eller på annan måte har brote vilkåra for midlane, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake midlar eller krevje dei tilbake. Ved feil utrekning eller utbetaling av midlar kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar.

For ytterlegare informasjon om ordninga viser vi til <http://udir.no/videreutdanning>

Med helsing

Ida Large
avdelingsdirektør

Mathias Myhrvold-Hanssen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.